

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Grand Hotel Terminus, Bergen
Dato: 05.03.2019
Tidspunkt: 10.00 – 16.20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A, kom kl.10.25, gjekk 16.00
Per Lerøy	Medlem	A
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Torgeir Toppe	Medlem	A, permisjon kl.12.15 - 15.30
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KRF
Beate Husa	Medlem	KRF
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jon Askeland	Medlem	SP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV

Marthe Hammer	Medlem	SV
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Geir Angeltveit	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A
Ragnhild Hoff Eilertsen	Medlem	A
Terje Kollbotn	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Torbjørn Reigstad	Ragnhild Hoff Eilertsen	A
Kari Foseid Aakre	Mari Klokkerstuen Kjellesvik	A
Øyvind Hardeland	Emil Lennart Pålikoff Gadolin	A
Espen Foseid Aakre	Kari Sørensen Bernardini	A
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	FRP
Nils-Anders Nøttseter	Tom Sverre Tomren	MDG
Jeanett Syversen	Terje Kolbotn	R
Janniche Bergesen Clark	Torgeir Toppe	A, møtte kl. 12.15 til kl.15.30

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Målfrid Vik Sønstabø	Kst. direktør Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar kommunikasjonsrådgiving
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent
Mariell Solheim	Fylkessekretariatet
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar
Thomas Meling	IKT-kosulent
Ole Gunnar Nesse	IKT-konsulent

Anne Gine Hestetun

Natalia Golis

Kjell Gitton Håland

Sigrid Helene Aardal
sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/19	Opning av fylkestinget		
PS 3/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/19	Oppfølging av tilleggspunkt til Kvalitetsmeldinga	2018/15114	
RS 2/19	Oppfølging kvalitetsmelding 2017/18 - tilråding mobbeombod	2018/15114	
RS 3/19	Rapport frå elev- og lærlingombodet - tiltak for oppfølging	2018/15114	
RS 4/19	Nye/reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd	2017/16384	
RS 5/19	Oppfølging av ulike problemstillingar rundt målbyte i vgs.	2016/34193	
RS 6/19	Løypemelding pilotprosjekt Bømlo - samarbeid skule og næringsliv	2017/4991	
RS 7/19	Løypemelding samarbeidsprosjekt Nordhordland	2014/10030	
RS 8/19	Verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland	2014/10030	
RS 9/19	Kjønnsnøytral tittel på øvste leiar	2018/12797	
PS 4/19	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 1/19	Interpellasjon frå Astrid Aarhus Byrknes (KRF) - Inntaksområdet i den vidaregående skulen, har Fellesnemnda mandat til å gjere vedtak?	2019/1801	
FO 2/19	Interpellasjon frå Iiril Schau Johansen (H) - Kombinert skibuss og rutebuss til Bavallen, Voss	2019/1801	
FO 3/19	Interpellasjon frå Anne Beth Njærheim (V) - folkehelseundersøkinga - korleis få eit betre kollketivtilbod?	2019/1801	
FO 4/19	Spørsmål frå Aud Karin Oen (SV) - vedtak på bruk av hotell med tariffavtale for dei tilsette	2019/2370	
FO 5/19	Spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - Bygging av Sotrasambandet og spørsmål om tidsaspekt	2019/1801	
FO 6/19	Spørsmål frå Jeanette Syversen (R) - spørsmål om brudd på friskolelova begått av Bergen privat gymnas og Metis Akademiet	2019/1801	
FO 7/19	Spørsmål frå Geir Kjell Andersland (V) - Utbygging av dagshytter i Sogn og Fjordane, kven er dei tilgjengeleg for?	2019/1801	
PS 5/19	Ymse		
PS 6/19	Finansforvaltninga i 2018	2014/927	
PS 7/19	Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019	2018/15305	
PS 8/19	Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel	2018/10651	
PS 9/19	Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 – Selskapskontroll av Grieghallen IKS	2017/15170	

PS 10/19	Årsmelding for kontrollutvalet for 2018	2017/2535
PS 11/19	Søknad om fritak frå verv som leiar i fylkeseldrerådet	2017/732
PS 12/19	Søknad om fritak frå verv som varamedlem til styret i Ferde AS	2017/732
PS 13/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Elise Loftheim	2017/732

PS 1/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

56 representantar tilstades.

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Anne Gine Hestetun (A) bad om at RS 2/19, RS 3/19 og RS 9/19 vart sett som nye saker på sakskartet.

Fylkestinget vedtok samrøystes å setja desse sakene på sakskartet.

Sakslista vart godkjent med denne endringa.

PS 2/19 Opning av fylkestinget

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkestinget vart lovleg sett.

Fylkestinget vart opna med kunstnarleg innslag med Musikklaget Eikanger-Bjørsvik med eit ensemble leia av solotrombonist Vidar Nordli.

PS 3/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

RS 2/19, RS 3/19 og RS 9/19 vart sett som nye saker på sakskartet.

RS 1/19, RS 4/19-8/19 vart refererte.

PS 4/19 Interpellasjonar/spørsmål

FO 1/19 Interpellasjon frå Astrid Aarhus Byrknes (KRF) - Inntaksområdet i den vidaregående skulen, har Fellesnemnda mandat til å gjere vedtak?

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordfører viser til interpellasjon frå Astrid Aarhus Byrknes (KRF) som handlar om vedtakskompetanse for fellesnemnda og vidare politisk prosess knytt til PS 56/18 *«Inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – overordna prinsipp for inntak – DP 1.5»*.

Fylkesordfører er samd med interpellanten i at fellesnemnda skal leggje til rette for samanslåinga. I nokre tilfelle vil det å leggje til rette for samanslåinga også krevje politiske vedtak før det nye

fylkestinget er konstituert. I RS 35/2018 fekk Fellesnemnda i møte den 16.11.2018 ei referatsak om «Reglement og kompetanse for fellesnemnda».

Fellesnemnda har i tidlegare sak gjort vedtak om at det skal vere felles inntak til vidaregåande opplæring for skuleåret 2020/2021. Saka for fellesnemnda i desember 2018 hadde primært til hensikt å få fastlagt rammene for dette skuleåret, då avklaring her ikkje kan vente til det nye fylkestinget er konstituert. Når prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019, er det for å få avklart rammene for skuleåret 2020/2021. Det vert og lagt opp til ein vidare prosess for framtidige skuleår som ivaretek interpellanten si forventning til politisk prosess.

Overgangen til ny fylkeskommune reiser ei rekkje kompetansespørsmål. Som leiar også av fellesnemnda vil fylkesordførar be prosjektleiar gje ein orientering til fellesnemnda i mai om «Forholdet mellom dei to noverande fylkeskommunane og Vestland fylkeskommune – før konstituering og etter konstituering fram til 1.1.2020».

FO 2/19 Interpellasjon frå Iril Schau Johansen (H) - Kombinert skibuss og rutebuss til Bavallen, Voss

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Linje 964 er ein ringbuss som går Voss stasjon-Skjerpe og Voss stasjon-Brekkesvingen. Linja dekkjer først og fremst bustadområder, og vert mellom anna nytta som skuleskyss. På dagtid går linja ein gong i timen til og frå Skjerpe, og om ettermiddagen er det fire turar til/frå Skjerpe med siste tur frå Skjerpe 20:37 pluss ei «Trygt heim-rute» natt ilt laurdag. Ruta går heile året, med unnatak av ein avgang 13:30, som ikkje går i perioden 25/6-12/8.

Voss Resort har eigne skibussar med korrespondanse til toget i vintersesongen. Frå sommaren 2019 opnar ny gondolbane frå Voss stasjon, som vil gje eit nytt tilbod for brukarar og tilsette ved Voss Resort sine anlegg og aktivitetar.

Avgang 07:55 frå Voss stasjon, som kunne vere aktuelt for tilsette å nytte dersom ruta vart forlenga til Voss Resort, er knytt opp mot skuleskyss. Forlenging til Voss Resort på denne turen vil innebere auka køyretid, og ein må starte tidlegare frå Voss stasjon for å rekke skulestart. Denne tida på døgeret er alle bussar i produksjon. Ein ny avgang kan medføre bestilling av ny buss frå operatør. Nytt av eit slikt tiltak, med omsyn til faktisk etterspurnad, bør difor stå i høve til kostnaden dette medfører.

Eit kollektivtilbod til Voss Resort/Bavallen vil truleg ha avgrensa etterspurnad frå hyttebebuarar, grunna avstand og topografiske tilhøve. Når det gjeld aktivitetar for born og unge på kveldstid ser fylkesordføraren behov for at ein får konkrete innspel på kva avgangar og i kva periode behovet gjeld.

Fylkesordføraren ser det som naturleg å vurdere spørsmåla om kollektivtilbod til Voss Resort i samanheng med ny gondolbane, og kva tilbod ein legg opp til når det gjeld opningstider for gondolbana for vintersesongen 2019/2020.»

FO 3/19 Interpellasjon frå Anne Beth Njærheim (V) - folkehelseundersøkinga - korleis få eit betre kollektivtilbod?

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren vil først understreke den viktige verdien og nytta av å ha gjennomført ei slik omfattande folkehelseundersøking. Resultata frå undersøkinga gir godt grunnlag for å leggje enno betre til rette for god folkehelse i Hordaland.

Eitt av punkta i undersøkinga er knytt til tilgang til offentleg transport, samla og på tvers av regionar i Hordaland. Sunnhordland peikar seg ut som den regionen med lågast del, 36,9 prosent, av

innbyggjarane som oppgjer å ha god tilgang til offentleg transport. Til samanlikning er tala for Nordhordland og Hardanger/Voss høvesvis 45,7 og 46,9 prosent.

I samband med nytt anbod Sunnhordland som starta opp i 2017, vart det utarbeidd ein eigen trafikkplan for Sunnhordland (vedteke i fylkesutvalet oktober 2015). Gjennom arbeidet med trafikkplanen var det invitert til dialog og gitt innspel frå kommunane i regionen om justeringar og omprioriteringar i busstilbodet ut frå lokale behov. Felles for kommunane var ønskje om korrespondansar og gode bytter mellom hovudlinjer og lokale linjer og mellom buss og båt, samt kommersielle bussruter. Behovet for faste og sterke hovudlinjer vart framheva, medan linjer og avgangar med svært få reisande burde vurderast med omsyn til behovet for å oppretthalde eit fast rutetilbod. I tillegg til innspela frå kommunane vart det innhenta informasjon om kommunane sine utbyggingsplanar og andre relevante planar med innverknad på trafikkgrunnlaget, samt informasjon og innspel frå større arbeidsplassar og Høgskulen Stord/Haugesund. Alle innspela vart tatt med i dei samla vurderingane for forbetringar i framtidig tilbod.

Utgangspunktet for rutetilbodet i konkurransegrunnlaget for det nye anbudet var basert på den tida sine eksisterande kostnader og ruteproduksjon i tal kilometer. Det vil seie at dei endringar som vart gjort i det nye anbudet i all hovudsak var justeringar og omprioriteringar innanfor desse gitte rammene. Etter anbodstart sommaren 2017 er innspel og tilbakemeldingar om rutetilbodet følgt opp gjennom Skyss sine årlege ruteendringsprosessar. Fylkesordføraren understrekar i den samanhengen behovet for god dialog med kommunane om eventuelle ønskjer og nye behov, og at kommunane er konkrete i sine prioriteringar.

Budsjettauka i 2018 for styrking av ruteproduksjonen i Sunnhordland og Hardanger/Voss med til saman 2 mill. kr, vert følgt opp med tiltak basert på innspel frå kommunar, brukarar og andre interessentar. I Sunnhordland vert det sett inn to nye avgangar mellom Rubbestadneset og Svortland, som korresponderer med båten frå Bergen formiddag og kveld. I tillegg vert det sett inn ein avgang ettermiddag/kveld tur/retur Svortland-Våge. Tiltaka vert etter planen sett i verk frå 1. mai. I sommarrutene vert det og lagt inn ei handlerute for Rolvsnes og Aga ein dag i veka.»

FO 4/19 Spørsmål frå Aud Karin Oen (SV) - vedtak på bruk av hotell med tariffavtale for dei tilsette

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren har bede fylkesrådmannen undersøkje kva som gjeld i Sogn og Fjordand fylkeskommune på dette feltet.

Fylkesrådmannen opplyser følgjande:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedtak mot sosial dumping som inkluderer at arbeidstakarane skal vere sikra normale lønns- og arbeidsvilkår i avtalar der dette er relevant. Ein klausul om dette er inkludert i hotellavtalane. Dette vil difor vere gjeldande for fellesnemnda sine møte i Sogn og Fjordane.»

FO 5/19 Spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - Bygging av Sotrasambandet og spørsmål pm tidsaspekt

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Andre milepåler ville i eit tradisjonelt tilbodssystem kunne gje lengre tid til prosjektering av byggherren, altså Staten, ved Statens vegvesen, før anbod vert sendt ut til entreprenør for prising og bygging. Det er med andre ord ikkje sikkert at bygging av Sotrasambandet ville vore i gang no dersom ein slik strategi vart lagt til grunn.

Samla tid til prosjektering og bygging kan i teorien gå ned i eit OPS-regime, sidan same entreprenør har ansvar for heile prosessen, og kan kjøre nokre av prosessane parallelt. Da må rammene for kontrakten vere klare frå byrjinga, og det kan sjå ut til at dette har tatt tid.

Til spørsmål om båtsamband mellom Sotra og Bergen vil eg gje slikt svar.

Skyss har gjennomført ei utgreiing om mogleg båtsamband mellom Sotra og Bergen, der rapport frå arbeidet nyleg er gjort ferdig. Kommunane i vest, samt Bergen kommune og Statens Vegvesen har vore involvert og gitt innspel i arbeidet. Det er planlagt ei munnleg orientering om resultatane i rapporten i komande MISA, 13. mars 2019. Rapporten vil deretter bli lagt fram for utvala.»

FO 6/19 Spørsmål frå Jeanette Syversen (R) - spørsmål om brudd på friskolelova begått av Bergen privat gymnas og Metis Akademiet

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Det er Utdanningsdepartementet som godkjenner frittstående skular og driftsendringar ved etablerte frittstående skular, jf friskolelova § 2-1. Det er også Utdanningsdirektoratet som har tilsynsansvar for dei frittstående skulane, jf friskolelova § 7-2.

Raudt ved Jeanett Syversen viser til at tilsyn utført av Utdanningsdirektoratet har avdekka forhold ved drifta ved dei to private skulane BPG og MA som er i strid med friskulelova. Det er friskulelova §§ 7-2a og 7-2b som regulerer mogelege reaksjonsformer når det vert avdekka forhold som er i strid med friskulelova.

Reaksjonformene er:

- Gje pålegg om å rette på forholda.
- Halde attende tilskotet.
- Dra attende godkjenninga.
- Krevje tilbake for mykje utbetalt tilskot eller krevje tilbake tilskot som er brukt i strid med lov og godkjenning.

Utover dette opnar friskulelova § 7-2b for at det kan påleggast karantene retta mot skulen og/eller personar som er ansvarlege for drifta. Dersom brota klart svekker tillita til at skulen, eller til at den ansvarlege personen er eigna til å drive skulen i samsvar med regelverket. Det er direktoratet som har mynde til å pålegge karantene.

Raudt ved Jeanett Syversen seier i sitt spørsmål at Utdanningsdepartementet ved fleire tilsyn som gjeld perioden 2005-2014 har avdekka forhold som er i strid med friskulelova. Vidare seier ho at Utdanningsdirektoratet har kravd at dei to skulane skal betale tilbake tilskot.

Raudt ved Jeanett Syversen ønskjer at Fylkesordføraren tek initiativ overfor Utdanningsdirektoratet for at ytterlegare reaksjonar etter friskulelova § 7-2 a skal iverksetjast.

Fylkesordføraren ber fylkesrådmannen om å fremme en sak til handsaming i fylkestinget i juni der desse spørsmåla vert drøfta.»

FO 7/19 Spørsmål frå Geir Kjell Andersland (V) - Utbygging av dagshytter i Sogn og Fjordane, kven er dei tilgjengeleg for?

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har følgd dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane i lengre tid, og er glad for at det ser ut til å vere interesse for å «adoptere» dette over fylkesgrensa, som snart skal viskast ut. Prosjektet har vore ein stor suksess, mykje takka vere eit breitt engasjement frå ulike sektorar. Ein viktig medspelar i prosjektet er Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, som er med å finansiere hyttene. Denne stiftinga løyver midlar til ulike prosjekt, tilbake til Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar – og desse er definert til Sogn og Fjordane. Såleis har Sparebankstiftinga ikkje vore aktuell for medfinansiering av eventuelle dagsturhytter i Hordaland. Det er ønskje om å få eit liknande prosjekt i Hordaland, men det vil vere trong for finansiere tiltaket, til dømes i samarbeid med eksterne aktørar, i

tillegg til ressursbruk internt for å koordinere dette opp mot leverandørar, kommunane og spelemiddeleordninga. Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet Nynorske turbibliotek som skal plasserast i dagsturhyttene.

Sparebankstiftinga/Sparebanken Sogn og Fjordane har også eit kundegrunnlag i Bergen, og Bergen kommune v/bymiljøetaten fekk difor tilbod i 2017 om å bygge 1-2 dagsturhytte på eit av byfjella med same vilkår som dei andre hyttene. Dette fekk dessverre ikkje tilstrekkeleg forankring i kommunen, og prosjektinitiativet vart ikkje realisert.»

PS 5/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Natalia Antonia Golis, MDG og Kjell Gitton Håland, A valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart opnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.
Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 18 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet vart det sett fram to oversendingsforslag.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak som redegjør for ulike alternativer for passasjerbetaling på fylkesvegferger.»

Oversendingsforslaget frå Bjørkly vart samrøystes vedteke oversendt.

Jeanett Syversen (R) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Jeg oppfordrer fylkesrådmannen og administrasjonen i Opplæring og Helse om å legge frem vurdering, som tar sikte på å avdekke om jenters skolehverdag i HFK er preget av kjønns diskriminering og sexisme.»

Oversendingsforslaget frå Syversen vart samrøystes vedteke oversendt.

I samband med ordskifte vart det sett fram 4 forslag til fråsegner:

Terje Søviknes (Frp) sette fram forslag om fråsegn om «Etablering av Stord folkehøgskule – Støtteerklæring Hordaland fylkeskommune» til kunnskapsministeren, kunnskapsdepartementet, Hordalandsbenken og Sogn og Fjordane benken. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

Aud Karin Oen (SV) sette fram forslag om fråsegn om «Kvinnehelse og barselomsorg er viktig.» til styret i Helse Vest, adm.dir. i Helse Vest og helseministeren. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

Nils Marton Aadland (H) sette fram forslag om fråsegn om «Trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E36 mellom Vågsbotnen og Klauvaneset.» til samferdselsminister, samferdselsdepartementet og Hordalandsbenken. Fylkestinget vedtok samrøystes å å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

Jeanett Syversen (R) sette fram forslag om fråsegn om «Ja til fortsatt demokratisk kontroll over Bergensbanen og Vossebanen.» til regjeringa og stortinget. Fylkestinget vedtok samrøystes å å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

INTERPELLASJONAR/SPØRSMÅL.

Anne Beth Njærheim (V) sette i samband med interpellasjon FO 3/19 – Folkehelseundersøkinga- korleis få eit betre kollektivtilbod? - fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Vil derfor be om ei sak som belyser kva utfordringsbildet består av for å få til eit betre kollektivtilbod for regionen. Oppfordrar til dialog og samarbeid med regionen i ei slik sak.»

Oversendingsforslaget frå Njærheim vart samrøystes vedteke oversendt.

Geir Kjell Andersland (V) sette i samband med interpellasjon FO 7/19 - Utbygging av dagshytter i Sogn og Fjordane, kven er dei tilgjengeleg for? - fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesrådmanne vert beden å leggja fram ei vurdering om eit dagturhytte-prsosjekt, tilsvarande prosjektet i Sogn og Fjordane, kan realiserast i Hordaland.»

Oversendingsforslaget frå Andersland vart samrøystes vedteke oversendt.

UTDELING AV PRISAR

Prisane vart delt ut av fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Miljøprisen i Hordaland

Hordaland sin miljøpris for 2018 vart tildelt Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA).

Årets kulturkommune i Hordaland

Prisen som årets kulturkommune i Hordaland vart tildelt Radøy kommune.

PS 6/19 Finansforvaltninga i 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

PS 7/19 Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlo vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlo vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlo vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlo vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Protokollmerknad på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R:

Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Pål Kårbø (Krf) sette på vegne av Krf og A fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Laksevåg maritime vidaregåande skule.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

Endring.

Pkt. 3.

Bergen maritime og vidaregåande skule.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.4.

«Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt. 3 fekk ingen røyster og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Strømmen sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 8 røyster (A, Krf, Sp, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt.4 fekk 1 røyst (Krf) fall.

Oen sitt forslag fekk 14 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»
4. Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesrådmannen opplyste at det var feil årstal for ny skule på Sotra. Årstalet 2027 skal vera 2025. Rett årstal i fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt.4 skal vera 2022.

Beate Husa (Krf) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.4.

«Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2022.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Laksevåg maritime og vidaregåande skule.»

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av V, Frp og H fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen Maritime vidaregåande skule vert kalla Bergen Maritime vidaregåande skule.»

Tor André Ljosland (Krf) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye skulen skal heite Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Strømmen sitt forslag fekk 7 røyster (MDG, SV, R) og fall.

Innstillinga pkt. 3 fekk ingen røyster og fall.

Andersland sitt forslag fekk 22 røyster (V, H, Frp) og fall.

Ljosland sitt forslag fekk 42 røyster (A, Sp, Krf, SV, R, MDG, Frp) og vart vedteke.

Innstillinga pkt.4 fekk 4 røyster (R, SV, 1Sp) og fall.

Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlo vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlo vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye skulen skal heite Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2022.

PS 8/19 Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel

Forslag til innstilling

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, A, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Utval for miljø og samferdsel meiner at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i styringsgruppa. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at den demokratiske medlemsbaserte miljøørsla vert invitert inn i samarbeidet»

Marthe Hammer (SV) trekte sitt forslag.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, KRF, AP, MDG og V fram slik protokollmerknad:

«Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljøørsla vert invitert inn i arbeidet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

Protokollmerknad frå SV, SP, A, KRF, MDG og V

Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljøørsla vert invitert inn i arbeidet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, Sp, Krf og SV fram slikt forslag:

Tillegg.

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihammer og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rullering av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljøørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkja samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

Røysting

Innstillinga var samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rullering av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkja samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnerar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast

der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rullering av nu NTP

4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljøørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkje samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

PS 9/19 Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 – Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektpunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.
2. Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt

a) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"

b) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Representantskapet skal:

Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder

Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap

Velge revisor

Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"

3. Kontrollutvalet følgjer selskapskontrollen vidare opp.

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Grieghallen AS. Representanten trådte frå under vurderinga av habiliteten.

Konst.fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen stilte spørsmål om sin habilitet. Fylkesrådmann var framleis styremedlem i Grieghallen IKS når revisjon vart utarbeida. Fylkesrådmannen trådte frå under vurderinga av habiliteten.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Foseid Aakre er inhabil etter fvl. § 6 første ledd nr. e. og at fylkesrådmannen er inhabil, jfr. fvl. § 6.2.

Representanten og fylkesrådmannen trådte frå under behandlinga av saka. Det var 56 representantar tilstades.

Røysting

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektpunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.
2. Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt

a) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"

b) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Representantskapet skal:

Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder

Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap

Velge revisor

Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"

3. Kontrollutvalet følgjer selskapkontrollen vidare opp.

PS 10/19 Årsmelding for kontrollutvalet for 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019

Handsaming i møtet

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

PS 11/19 Søknad om fritak frå verv som leiar i fylkeseldrerådet

Forslag til innstilling

1. Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet og fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - Medlem av fylkeseldrerådet

Saksprotokoll i Valnemnda - 05.03.2019

Det er sett fram følgjande forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeningar:

Frå Pensjonistforbundet avd. Hordaland: Gunvor Riim Opedal
Dersom Opedal vert vald, vert Sjur K. Jaastad frå Pensjonistforbundet avd. Hordaland foreslått som varamedlem for Gunvor Riim Opedal.

Frå Senior Norge avd. Hordaland: Randi Hag

Frå Forsvarets Seniorforbund avd. Bergen: Eli Nordstad.

Røysting:

Forslaget om Randi Hag frå Senior Norge avd. Hordaland som medlem til fylkeseldrerådet, fekk ingen røyster og fall.

Forslag om Eli Nordstad frå Forsvarets Seniorforbund avd. Bergen som medlem av fylkeseldrerådet, fekk ingen røyster og fall.

Forslaget om Gunvor Riim Opedal frå Pensjonistforbundet avd. Hordaland vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Forslaget om Sjur K. Jaastad frå Pensjonistforbundet avd. Hordaland vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet og fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - Medlem av fylkeseldrerådet: Frå Pensjonistforbundet: Gunvor Riim Opedal
 - Varamedlem for Gunvor Riim Opedal: Frå Pensjonistforbundet: Sjur K. Jaastad

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet og fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - Medlem av fylkeseldrerådet: Frå Pensjonistforbundet: Gunvor Riim Opedal
 - Varamedlem for Gunvor Riim Opedal: Frå Pensjonistforbundet: Sjur K. Jaastad

PS 12/19 Søknad om fritak frå verv som varamedlem til styret i Ferde AS

Forslag til innstilling

1. Thorbjørn Aarethun får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. Dersom styret i ferde AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val:

Saksprotokoll i Valnemnda - 05.03.2019

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

Dersom styret i Ferde AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Torill Klinker.

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Thorbjørn Aarethun får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. Dersom styret i Ferde AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Torill Klinker

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Thorbjørn Aarethun får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. Dersom styret i Ferde AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Torill Klinker

PS 13/19 Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Elise Loftheim

Forslag til innstilling

1. Elise Loftheim får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse:
 - b) Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland:

Saksprotokoll i Valnemnda - 05.03.2019

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

- a) Varamedlem til utval for opplæring og helse: Christer Lilleskare Olsen

Det skal ikkje gjerast nytt val til Styret for Fagskolen i Hordaland. Det vart gjort nytt val til Styret for Fagskolen i Hordaland i møte i fylkestinget den 03.10.2018 PS 89/2018. John Helge Gullaksen (H) vart vald.

Røysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Elise Loftheim får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget og varamedlem i utval for opplæring og helse for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse: Christer Lilleskare Olsen

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Elise Loftheim får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget og varamedlem i utval for opplæring og helse for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - b) Varamedlem til utval for opplæring og helse: Christer Lilleskare Olsen

PS 14/19 Oppfølging kvalitetsmelding 2017/18 - tilråding mobbeombud

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sett fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkestinget tek saka til orientering.»

Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek saka til orientering.

PS 15/19 Rapport frå elev- og lærlingeombodet - tiltak for oppfølging

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sett fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkestinget tek saka til orientering.»

Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek saka til orientering.

PS 16/19 Kjønnsnøytral tittel på øvste leiar

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sett fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkestinget tek saka til orientering.»

Røysting

Det var 54 representantar tilstades.

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek saka til orientering.

PS 17/19 Fråsegn - Etablering av stord Folkehøgskule - støtteerklæring Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Etablering av Stord Folkehøgskule – Støtteerklæring Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Hordaland er kjent med initiativet til etablering av Stord Folkehøgskule. Dersom de som initiativtakarar lukkast med å få godkjent rammeplan, samt få det økonomiske fundamentet og det bygningsmessige på plass, vil Stord Folkehøgskule kunna bli eit viktig tilbod for ungdom frå heila landet. Etableringa vil sjølvstøtt bety mykje for Stord-samfunnet og heile regionen og samstundes ha viktig betydning for satsinga på entreprenørskap, samfunnsengasjement og berekraft opp mot unge vaksne.

I kjernen til Stord Folkehøgskule skal «entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv, og berekraft» vere hovudmål for skulen. Vidare skal skulens pedagogikk kvila på tanken om å fostra initiativ, handlekraft og omverdenkompetanse hjå elevane. I tett samarbeid med næringsliv, idrett- og organisasjonsliv, og det offentlege.

Stord og Sunnhordland er ein region sterkt prega av svingingane i olje- og petroleumssektoren, og mykje ressursar frå stat, fylke, kommune og næringsliv er livssatt for å fostra entreprenørskap og eit breiare næringsgrunnlag i regionen. I så måte passar Stord Folkehøgskule og entreprenørskaps-konseptet utmerka inn i overordna målsetningar og ambisjonar for Fylkeskommunen, næringsmål og FNs Berekraftsmål.

Fylkestinget i Hordaland stillar seg positivt til etableringa av ein ny folkehøgskule og ønskjer initiativtakarane lukke til vidare med etableringa av Stord Folkehøgskule.»

Geir Angeltveit (V) stilte spørsmål om sin habilitet då han er prosjektleiar og styreleiar i interimstyret for Stord Folkehøgskule.

Representanten trådte frå under vurderinga av habiliteten.
Fylkestinget vedtok samrøystes at Angeltveit er inhabil etter fvl. § 6.1,e.
Representanten trådte frå under behandlinga av saka.

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Etablering av Stord Folkehøgskule – Støtteerklæring Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Hordaland er kjent med initiativet til etablering av Stord Folkehøgskule. Dersom de som initiativtakarar lukkast med å få godkjent rammeplan, samt få det økonomiske fundamentet og det bygningsmessige på plass, vil Stord Folkehøgskule kunna bli eit viktig tilbod for ungdom frå heila landet. Etableringa vil sjølvstøtt bety mykje for Stord-samfunnet og heile regionen og samstundes ha viktig betydning for satsinga på entreprenørskap, samfunnsengasjement og berekraft opp mot unge vaksne.

I kjernen til Stord Folkehøgskule skal «entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv, og berekraft» vere hovudmål for skulen. Vidare skal skulens pedagogikk kvila på tanken om å fostra initiativ, handlekraft og omverdenkompetanse hjå elevane. I tett samarbeid med næringsliv, idrett- og organisasjonsliv, og det offentlege.

Stord og Sunnhordland er ein region sterkt prega av svingingane i olje- og petroleumssektoren, og mykje ressursar frå stat, fylke, kommune og næringsliv er livssatt for å fostra entreprenørskap og eit breiare næringsgrunnlag i regionen. I så måte passar Stord Folkehøgskule og entreprenørskapskonseptet utmerka inn i overordna målsetningar og ambisjonar for Fylkeskommunen, næringsmål og FNs Berekraftsmål.

Fylkestinget i Hordaland stillar seg positivt til etableringa av ein ny folkehøgskule og ønskjer initiativtakarane lukke til vidare med etableringa av Stord Folkehøgskule.

PS 18/19 Fråsegn - kvinnehelse og barselomsorg er viktig

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Kvinnehelse og barselomsorg er viktig.

Fylkestinget er uroa over ulike oppslag media om tilbodet til dei fødande kvinnene på Haukeland.

Ei undersøking gjennomført av Folkehelseinstituttet syner at barselavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus scorar lågast på fire av fem kvalitetspunkt. Spørjeundersøkinga er gjort blant kvinner som fødde i siste kvartal av 2017. Over 8000 kvinner har blitt spurde. Det er kvalitetar som går på relasjon til personalet, informasjon om barnet, rammer og organisering og ivaretaking av partnar som gjev botnresultat for Haukeland. Dette er andre året dei får eit slikt resultat.

Dei tilsette har i lang tid vore uroa for at bemanninga er så lav at pasientane vert utsett for risiko. No seinast med varsling til fylkeslegen og Arbeidstilsynet.

Den nye fødeklirikken i Bergen vert bygd utan barselrom. 40 prosent av kvinnene skal ut 6–24 timer etter fødsel, noko som og mange ønskjer. Det betyr likevel ein sterk reduksjon i gjennomsnittleg liggetid som i dag er 2,7 døger. Løysinga er at kommunane får ansvaret. Samstundes syner ei berekning frå Jordmorforeninga at det på landsbasis manglar mellom 600–700 jordmorårsverk i kommunane. Det er og registrert ei auke i psykiske plager hjå mødre etter fødselen, noko som vert sett i samanheng med kort liggetid.

Eit godt fødetilbod og barselomsorg er ein indikator på korleis samfunnet prioriterer, og er eit politisk ansvar. For Hordaland fylkesting er det viktig å vera trygg på at det vert gjeve eit godt og forsvarleg tilbod til våre fødande kvinner og borna deira.»

Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kvinnehelse og barselomsorg er viktig.

Fylkestinget er uroa over ulike oppslag media om tilbodet til dei fødande kvinnene på Haukeland.

Ei undersøking gjennomført av Folkehelseinstituttet syner at barselavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus scorar lågast på fire av fem kvalitetspunkt. Spørjeundersøkinga er gjort blant kvinner som fødde i siste kvartal av 2017. Over 8000 kvinner har blitt spurde.

Det er kvalitetar som går på relasjon til personalet, informasjon om barnet, rammer og organisering og ivaretaking av partnar som gjev botnresultat for Haukeland. Dette er andre året dei får eit slikt resultat.

Dei tilsette har i lang tid vore uroa for at bemanninga er så lav at pasientane vert utsett for risiko. No seinast med varsling til fylkeslegen og Arbeidstilsynet.

Den nye fødeklirikken i Bergen vert bygd utan barselrom. 40 prosent av kvinnene skal ut 6–24 timer etter fødsel, noko som og mange ønskjer. Det betyr likevel ein sterk reduksjon i gjennomsnittleg liggetid som i dag er 2,7 døger. Løysinga er at kommunane får ansvaret. Samstundes syner ei berekning frå Jordmorforeninga at det på landsbasis manglar mellom 600–700 jordmorårsverk i kommunane. Det er og registrert ei auke i psykiske plager hjå mødre etter fødselen, noko som vert sett i samanheng med kort liggetid.

Eit godt fødetilbod og barselomsorg er ein indikator på korleis samfunnet prioriterer, og er eit politisk ansvar. For Hordaland fylkesting er det viktig å vera trygg på at det vert gjeve eit godt og forsvarleg tilbod til våre fødande kvinner og borna deira.

PS 19/19 Fråsegn - trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

Trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset

Viser til fråsegn «E39 Vågsbotn-Klauvaneset» vedtatt i Hordaland fylkesting 13.06.2018.

I fråsegna krev fylkestinget at ny trase for dagens E39 gjennom Åsane blir bygd så raskt som mogleg, og at det blir gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Hordaland fylkesting presiserer igjen at det hastar å realisere dette prosjektet så hurtig som mulig. E39 Vågsbotn-Klauvaneset er den verste flaskehalsen på E39 i Hordaland i dag, og dei trafikale utfordringane på denne vegstrekka er stadig aukande.

Fram til ny veg for dagens E39 mellom Vågsbotn-Klauvaneset er bygd, er der det difor naudsynt med midlertidige tiltak som kan betra trafikkflyten. Eit aktuelt tiltak er ITS løysingar (intelligente transportsystem). Forsøk med dette systemet andre stader har vist at reisetida er redusert med 25 prosent og at tomgangskøyninga er redusert med 40 prosent.

I Nasjonal transportplan er det sett av nær ein halv milliard kroner til ITS prosjekt dei neste åra, men Statens vegvesen har per no ikkje ITS-løysingar på strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset i sin plan.

Hordaland fylkesting krev at det blir etablert ITS/andre aktuelle tiltak for å betra framkoma på denne tett trafikkerte vegen. Fylkestinget strekar under at dette er midlertidige tiltak i påvente av ny E39 som må realiserast så raskt som mogleg.»

Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset

Viser til fråsegn «E39 Vågsbotn-Klauvaneset» vedtatt i Hordaland fylkesting 13.06.2018.

I fråsegna krev fylkestinget at ny trase for dagens E39 gjennom Åsane blir bygd så raskt som mogleg, og at det blir gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Hordaland fylkesting presiserer igjen at det hastar å realisere dette prosjektet så hurtig som mulig. E39 Vågsbotn-Klauvaneset er den verste flaskehalsen på E39 i Hordaland i dag, og dei trafikale utfordringane på denne vegstrekka er stadig aukande.

Fram til ny veg for dagens E39 mellom Vågsbotn-Klauvaneset er bygd, er der det difor naudsynt med midlertidige tiltak som kan betra trafikkflyten. Eit aktuelt tiltak er ITS løysingar (intelligente transportsystem). Forsøk med dette systemet andre stader har vist at reisetida er redusert med 25 prosent og at tomgangskøyninga er redusert med 40 prosent.

I Nasjonal transportplan er det sett av nær ein halv milliard kroner til ITS prosjekt dei neste åra, men Statens vegvesen har per no ikkje ITS-løysingar på strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset i sin plan.

Hordaland fylkesting krev at det blir etablert ITS/andre aktuelle tiltak for å betra framkoma på denne tett trafikkerte vegen. Fylkestinget strekar under at dette er midlertidige tiltak i påvente av ny E39 som må realiserast så raskt som mogleg.»

PS 20/19 Fråsegn - Ja til fortsatt demokratisk kontroll over Bergensbanen og Vossebanen

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Jeanett Syversen (R) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«FRÅSEGN TIL REGJERING OG STORTING FRÅ HORDALAND FYLKESTING 5.MARS 2019.

JA TIL FORTSATT DEMOKRATISK KONTROLL OVER BERGENSBANEN OG VOSSEBANEN!

2019 blir eit avgjerande år for norsk jernbanepolitikk generelt og Bergensbanen og Vossebanen spesielt.

Stortinget skal ta stilling til EU sin jernbanebake IV, som inneheld krav om liberalisering / konkurranseutsetjing av all persontrafikk på skinner. Om Stortinget ikkje reserverer seg mot dette EU-direktivet, vil anbod bli obligatorisk innan denne sektoren i Norge. I denne konkurransen, der store internasjonale selskap fritt kan delta, vil både løns- og arbeidsvilkår, pensjonsordningar for dei tilsette, gode rabattordningar for reisande og rutetider og –tilbod kome under press.

I fjor haust tildelte Jernbanedirektoratet drifta av Sørlandsbanen til det engelske selskapet Go-Ahead, som hadde det dårlegaste tilbodet på kvalitet.

No står Bergensbanen og Vossabanen i fare for å få forringa togtilbodet. Jernbanedirektoratet har sendt ut ein tilbudsforespørsel for trafikkpakke 3 Vest, dvs. strekningane Oslo S-Bergen, Bergen-Voss-Myrdal og Bergen-Arna. Mellom dei som alt har vist interesse, er det kinesiske MTR, det franske Keolis og det engelske Go-Ahead. Om ikkje denne konkurransen blir avlyst, vil tildelinga av kontrakt på minimum 9 år skje i løpet av 2019, med oppstart i løpet av 2020.

Hordaland fylkesting er bekymra for denne utviklinga. Etter vårt syn må norske styresmakter sjøl avgjere om offentleg eigde jernbanestrekningar skal ut på anbod eller ikkje. Å låse ein bestemt jernbanepolitikk gjennom EUs jernbanepakke IV for all framtid, vil vere i strid med grunnleggjande demokratiske prinsipp.

Hordaland fylkesting ynskjer å forsvare og styrke Bergensbanen og Vossebanen. Her manglar det ikkje på konkurranse, men midlar til oppgradering og forbetring. Om vi verkeleg ynskjer eit grønt skifte, er vi avhengig av å få både privatbilisme og godstrafikk over på skinner. Ressursane i norsk jernbanepolitikk bør i fyrste rekkje prioriterast til formål som sikra auka kapasitet og betre infrastruktur – ikkje internasjonale anbodskonkurransar.»

Det var 56 representantar tilstades.

Røysting

Syversen sitt forslag fekk 27 røyster (A, Sp, SV, R) og fall og vert ikkje sendt.